



Arkivsaknr: 2024/1992-1  
Sakshandsamar: Vivian Våge  
Avdeling: Kultur og Mangfald

## SAKSFRAMLEGG

Kommunedelplan for oppvekst og kultur 2024 - 2027. Høyringsutkast.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst og kultur (HOP)	30/24	28.08.2024
Ungdomsråd (UNG)	15/24	28.08.2024
Kommunestyret (KS)	80/2024	12.09.2024

### Bakgrunn for saka

Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er eit politisk dokument og den leiande styringsreiskapen for å nå kommunen sine mål om å sikre fysisk aktivitet. Planen skal reviderast kvar valperiode, og prioritert handlingsprogram skal gjennom ei årleg rullering.

Revisjon av planen skulle vore utført i 2022 men grunna lite ressursar har vi fått godkjenning på forlenging av planperioden to gonger. Ny plan vil dermed gjelde frå 2024 – 2027.

Tidlegare kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv var ein temaplan. Etter omorganisering i organisasjonane er kultur lagt under Oppvekst, og det er vedteke at plandokumenta samlast i eit felles dokument, Kommunedelplan for Oppvekst og kultur. Dermed vert kommunedelplanen no revidert, der hovudendingane er tillegg til eksisterande dokument og gjeld fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

### Saksvurdering og konklusjon

Revisjonsarbeidet med kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv skal skje etter plan-og bygningslova si føresegn. I prosessen har vi hatt planprogrammet ute til offentleg ettersyn i 6 veker, med høyringsfrist til 31.05.2024.

Det kom nokre innspel til planprogrammet, som er teke til følge. Dette er uttale frå

- Vestland fylkeskommune som påpeikar at i samanslåing av plandokument kan vi få ei god oversikt over alt som har med kultur og oppvekst å gjere, men at det er viktig med eit handlingsprogram som syner god oversikt over planlagt anleggsutbygging. I ny plan vert det egne kapittel for langsiktig og kortiktig/prioritert handlingsprogram så ein skal ha like god oversikt som tidlegare.
- Statens vegvesen kom med uttale, denne går på trafikksikring tilknytt områder der folk ferdist i forbindelse med fysisk aktivitet, samt deira interesse vedrørende kulturminner som kan vere utfartsstader for fysisk aktivitet. I Gulen har vi Den Trondhjemske postveg som SVV eig. Utbetring av parkeringsplassar nær utfartspunkt til turar og kring nærmiljøanlegg vil verte større fokus på frå kommunen.
- Statsforvaltaren har uttale om at vi skal vere tydelege på rikspolitiske retningslinjer som gjeld aktivitet for born og planlegging. Dette kjem tydelig fram i det nye plandokumentet.

Planprogrammet vart endeleg vedteke 13.06.2024.

Medverknad:

Det er gjennomført kartlegging av fysisk aktivitet hos born og unge i Gulen. Einingsleiar for kultur og mangfald har gjennomført besøk på alle skulane i Gulen.

På alle skulane vart det gjennomført informasjonsmøte med elevråda, der elevrådet vart informert om revisjonsarbeid med planen, at born og unge er ei viktig målgruppe for planen og spesifikt gjeld spelemiddelorninga denne målgruppa. Dei har fått informasjon om at dei kan påverke, og korleis dei kan gjere det, kven dei kan snakke med om dei får ein ide, og kven som jobbar med tilrettelegging for fysisk aktivitet i heile organisasjonen.

Vidare vart det gjennomført kartlegging i alle klassane frå 5.klasse til 10 klasse. Ved nokre av skulane var også 4. klasse med. Alle elevane fekk informasjon og blei sett litt på sporet av saka før dei i gruppearbeid markerte i kart kvar dei er i aktivitet, kva aktivitet dei utfører, og ein del spørsmål som går på kva dei synes er bra, kva manglar, er farleg, skummelt, kva dei ynskjer seg, korleis ein draumeplass er, skuleveg og kva dei tenkjer om korleis dei kjem seg til skulen. Både i samtale med elevrådet og i klassane fekk ein gode innspel og tydeleg meiningar frå borna. Desse er spesifikt omtala i kapittel om framtidige utfordringar og behov i plandokumentet.

I neste runde vert det invitert til innspelsmøte leia av kommunen og Vestland fylkeskommune. Alle lag og organisasjonar i Gulen er invitert, i tillegg til ungdomsråd, eldreråd og idrettsråd. Dette er eit ope møte der også alle innbyggjarane i kommunen er velkomne for å komme med innspel til planen. Hovudfokuset vil vere innspel til handlingsprogram og kva anlegg vi treng i Gulen. Korleis skal vi nå måla vi set oss både lokalt, regionalt og nasjonalt? Det vert også informasjon om planprosess, arbeidsgrupper, og medverknad. Møtet vert halde på Dalsøyra samfunnshus 03.09.24.

Innspel vil komme i løpet av høyringsrunden, dermed vil nye tiltak og vurdering av kva som ligg i langsiktig handlingsprogram og prioritert handlingsprogram bli oppdatert i endeleg plandokument. Det som ligg inne er det vi veit om pr. d.d.

I plandokumentet vel vi også å leggje inn plan for Friluftslivets ferdelsårer. Dette er eit nytt prosjekt som Gulen er med på. Vi er ikkje komme i mål, men har ein plan for kva som skal vere med her. Dette kapittelet vil bli meir utfyllande i komande utgåver av planen, men vi har med det som er klart så langt. Vi har valt å knyte på prosjekt med ro- og padleruter og Kystarvstiar i dette prosjektet. Ro- og padleruter er og omtalt i eige kapittel i plandokumentet.

Alle anlegg som skal søkje spelemidlar skal i utgangspunktet meldast inn i langsiktig handlingsprogram, så ber dei om å bli løfta opp i det prioriterte handlingsprogrammet når ein er komme i gang med planlegging og er klar til å setje tiltaket i verk. Her finnast det unntak for anlegg basert på kostnad, mindre kotnadskrevjande anlegg kan gå rett til prioritert handlingsprogram. Det prioriterte handlingsprogrammet har eit fokus på det som skjer dei komande fire åra, og det er styrande for dei som skal søkje spelemidlar.

Plandokumentet skal også vere rettleiande og ha fokus på tiltak som ikkje treng spelemidlar for å realiserast. Desse tiltaka er like viktige og kan utgjere ein forskjell i lokalmiljøet.

Innspel og fristar:

Møter og innspelsfristar er opplyst på heimeside, i Infoposten og i sosiale medier. Alle innspel som skal takast med i prosessen krev vi skal vere skriftelege og signert med fullt namn. I denne runden er innspel til langsiktig handlingsprogram og kortsiktig/prioritert handlingsprogram viktig, og elles innspel til innhaldet i plandokumentet.

Innspelsfrist til handlingsprogramma er sett til 01.10.24, og innspel på sjølve planen samkøyrer vi med høyringsfristen som er 01.11.24.

Endeleg plan vert lagt fram for politisk godkjenning i kommunestyremøtet 12. 12. 24.

Einingsleiar kultur og mangfald leiar vidare arbeid med støtte av prosjektgruppa som består av frivilligkoordinator, plankonsulent, representant frå Gulen Idrettsråd og leiar i Ungdomsrådet.

Omsyn til Samfunnsplanen;

- Alle born og unge i Gulen kommune skal få ein god start på livet

- Alle born og unge i Gulen kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø
- Gulen kommune skal leggje til rette for nærmiljø som kan bidra til aktivitetar som fremjer god livskvalitet
- Gulen kommune skal levere heilskapelege og effektive tenester med god kvalitet
- Gulen kommune skal ha aktive innbyggjarar som engasjerer seg i utviklinga av eit inkluderande og levande lokalsamfunn
- Den eldre generasjonen i Gulen kommune er ein aktiv initiativtakar med høg trivsel
- Innbyggjarane i Gulen kommune skal oppleve god livskvalitet
- Gulen kommune skal leggje til rette for å styrke evna til eigenomsorg
- Gulen kommune skal ha attraktive bygdesenter med mogelegheit for fysisk og sosial aktivitet i alle aldersgrupper
- Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsborgar

Økonomiske konsekvensar; Tiltak i plandokumentet får økonomiske konsekvensar for kommunen. Kulturmidlar og kommunalt tilskot til anleggsutbygging er det som er mest gjeldnade. Enkelt saker kan førekomme. Det er mykje sakshandsaming knytt til dette arbeidet, både med planarbeid men også knytt til søknadsrundene årleg. I tillegg jobbar ein heilårleg med oppfølging i alle prosjekt både med rettleiing, sakshandsaming, rapportering og utbetalingar

Vurdering av særskilte grupper;

Målet er at Kommunedelplan for Oppvekst og kultur skal omhandle alle innbyggjarane i kommune. Born, unge, eldre, menneske med nedsett funksjon, tilflyttarar, menneske med sosiale utfordringar, og alle andre. Vi skal leggje til rette for at alle skal ha ein fysisk kvar dag, dette er visjonen i planen både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Lenkje til Kommunedelplan for Oppvekst og kultur 2024 – 2028:

<https://pub.framsikt.net/plan/gulen/plan-ac65b9d1-6954-46bf-a162-2f2957aa53f0-16826/#/>

Kommunedirektøren si innstilling til vedtak:

Høyringsutkastet for Kommunedelplan for Oppvekst og Kultur 2024-2028

<https://pub.framsikt.net/plan/gulen/plan-ac65b9d1-6954-46bf-a162-2f2957aa53f0-16826/#/>

vert godkjend og leggest ut på høyring til offentleg ettersyn. Høyringsfrist 01.11.2024.

